

Den menneskelege sivilisasjonen og jernet.

Avgjerd Berge

I 1974 kom det ut ei bok om "Jerverkenes historie i Norge". Forfattar var H. O. Christopher-sen. Han stiller dette spørsmålet: "Hvorfor gikk det så mange tusen år av den menneskelige sivilisasjons historie før jernet ble oppfunnet." Han skriv vidare: "Etter mengden - er jernet det fjerde mest utbredte grunnstoff i jordskorpen. Det skulle ha vært nærliggende for mennesket og utvinne og betjene seg av dette alminnelege metall tuse-nen av år før det skjedde."

Hettitane var eit krigarfolk som levde i fjellanda syd for Svartehavet. Det er visst vanleg oppfatning at desse var dei første som "fann opp" eller oppdaget jernet. Det mest trulege er at Hettitane var dei første til å lage seg krigsvåpen av jern. Dei levde kring midten av andre årtusen f.Kr. Dei varte i mektig og frykta krigar-nasjon.

Det var stammefolk og nomadar som først oppdaget myrjernet. Dei held leirbålet ved like heile døgnet. Til brensel - ved, myr og torv. For å halde elden ved like heile natta var torvet den beste brensel. Det var under slike tilhøve at myrjernet kom inn på leirbålet og vart forvandla til smibart jern. I Steinalderen var det nok tusenvis av leirbål og truleg millionar av mennesker som kunne ha vore med å oppdaget myrjernet. Kvar dette hende og kven som var først eller sist er vel helst av mindre interesse.

Det er særleg two historiske opplysningar som må kunne nemnast som prov for at jernet var oppdaget tidlegare enn det som er den vanlege opfatning. Kheops-pyramiden vart bygd nær midten av tredje årtusen f.Kr. Denne pyramiden har 2,3 millionar steinblokker av kalkstein. Kvar steinblokk har ein størrelse i gjennomsnitt på over ein kubikkmeter. Dette måtte dei ta ut av fast fjell. Deretter måtte kvar steinblokk meislast til slette sider og rette vinklar. Bronsemetallet var nok kjent på denne tida, men det er utruleg at arbeidet kunne utførast berre ved hjelp av reiskap laga av bronse.

Dei måtte ha herda stål.
Det er inga anna forklaring enn at dei kjende til myrjernet og kva det kunne brukast til. Under arbeidet med myrjernet lærte dei nok fort korleis dei kunne overflate-herde verktyet dei smidde. Problemet var å skaffe nok jarn. Myrjernet hadde gode sveise-

egenskapar. Alle bitar av jarn vart sveisa saman til større eininger og vart bruka vidare i verktøyproduksjonen.

Deter vel rimeleg å tenke seg at under arbeidet med å sveise saman bitar av jarn so prøvde dei også å gjere det med kopar. Då dei oppdagat dette ikkje let seg gjere, stod dei att med den lærdom at bitar av kopar kunne smeltest saman til større eininger.

Skulle dei greie eit slikt smeltearbeit måtte dei ha ein steinkopp som tolde varmen (digle). Vidare måtte dei ha ein oppmura ovn, samt trekol og blåsebelg. Varmen måtte opp i ca. 1100 grader. Dette er sterke varme og problemet vart korleis dei kunne ta smeltekoppen ut av varmen og slå innhaldet oppi sandforma. Med reidskap av jarn gjekk det nok bra, men det er lite trulegt at dette kunne gjennomførast ved hjelp av trekjeppar slik som enkelte synest å meine.

Det er truleg tilfeldig eller av nysgjerrigkeit dei har kasta bitar av tinn opp i den smelta koparen og på den måten oppdaget bronseblandinga.

Ja, slik kan ein tenke seg utviklinga. Fyrst oppdaget dei elden og tok den i bruk. Dernest kom myrjernet og truleg seinare Bronse-blandinga. Det gjekk nok både eit og two tusen år - kanskje meir - før Hettitane tok til å lage seg våpen av jern.

"Metalliske Materialer"

I 1981 kom det ut ei lærebok for studentar ved NTH. Boka omhandlar "Metalliske Materialer". Forfattar var Almar-Næss. I denne boka kan ein lese dette: "...Man kan derfor anta som mest sannsynlig at jernet har vært kjent og benyttet like tidlig som kopper og bronse, kanskje allerede før år 5000 før Kristus, men at jern-metallurgien først nådde den nødvendige fullkommenhet fire tusen år senere."

Forfattaren H. O. Christopher-sen stiller eit aktuelt spørsmål. Det burde vere aktuelt for mange å prøve finne fram til eit truverdig svar.

1990-06-10

glede oppgitt av oss IV

tablisV